



Bjørn Tenjum  
Toskavegen 600  
5936 Manger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6839 - 22/80103

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune  
.no

Dato:  
20.10.2022

## **Vedkomande utbetring av fundament/støttemur - gbnr 443/96 Toska**

Vi syner til Dykkar e-post motteke her den 18.09.2022 vedkomande støttemur og fylling langs huset.

Slik vi forstår det er det ynskje om å erstatte/støtte eksisterande mur med ei ny mur med høgde inntil 1,7 meter og lengde på om lag 12 meter. Vidare ynskje ein å lage ei betongplattung under eksisterande plattung for å ytterlegare støtte opp og hindre vidare bevegelse.

Søknadsplikt eller fritak frå søknadsplikt:

Det er opna opp for fritak for diverse tiltak også for mindre murer. Til dømes kan ein byggje forstøtningsmur utan å søkje viss den er inntil 1,0 meter høg og ligg minst 1,0 meter i frå nabogrense. Mur kan vere inntil 1,5 meter høg dersom den ligg minst 4,0 meter i frå nabogrense.

Når det gjeld plattung, altså konstruksjon som ligg i sin heilheit på bakkenivå er ikkje dette rekna som eit tiltak etter plan- og bygningslova. Men den er ikkje fritatt i frå plandelen. Det vil si at tiltaket må vere innafør det som i planar er definert som eit byggeområdet.

Slik det kan sjå ut ligg eigedommen innafør LNF-spreidd bustad i kommunedelplan for tidlegare Radøy. Dette opner opp for mindre tiltak, til dømes tilbygg inntil 50 m<sup>2</sup>, som overført kan bety plattung på inntil 50 m<sup>2</sup>.

Dersom ein ikkje er innafør mål som syna over vil søknad vere søknadspliktig med krav om ansvarsrett, dette gjeld søkjar, prosjekterande og utførande del.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Bjørn Tenjum

Toskavegen 600

5936 Manger